



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato  
22.06.2015  
Dykkar dato  
30.04.2015

Vår referanse  
2015/6232 563  
Dykkar referanse  
15/2028

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Fråsegn til bygging av 132 kV kraftliner frå planlagte Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden**

Vi viser til høyring på ny kraftline frå planlagt vindkraftverk på Dalsbotnfjellet fram til Frøyset trafostasjon. Det skal nyttast master av tre med hengjande isolatorar.

Lina vil gå gjennom Gulen og Masfjorden kommunar. I konsekvensutgreiinga er traseen delt inn i delområde der delområde 6 og 7 går gjennom Masfjorden i Hordaland. Konsekvensane er sett til *liten negativ* for både naturmiljø, landskap, og nærmiljø og friluftsliv, *liten - middels negativ* for jord- og skogbruk.

Ut over det som er nemnt i søknaden har ikkje Fylkesmannen kjennskap til spesielle interesser som vert berørt av utbygginga. Vi legg til grunn at tilhøve til naturmiljø, landskap, friluftsliv og skogbruk vert diskutert nærare i detaljplanlegginga.

Masfjorden har stort press på småkraftutbygging, og det er nyleg vedteke trase for framføring av ny 300 (420) kV kraftline frå Modalen til Mongstad med transformatorstasjon på Frøyset. Konsekvensutgreiinga har ingen omtale av samla belastning som dei ulike utbyggingane vil få på landskapet. Dette bør likevel vere eit tema i samband med vedtak om konsesjon til kraftlinia. Vi ber om at NVE vurderer dette temaet grundig, og legg inn eventuelle avbøtande tiltak for på dempe negative verknader.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Masfjorden kommune

Miljødirektoratet

Gulen kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/

Bergen Turlag

Postboks 7900	5020	Bergen
Kommunehuset	5981	MASFJORDNES
Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
Sluppen		
Kommunehuset	5966	EIVINDVIK
i Eivindvik		
Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN